

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A20, FA-A10	19/374

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
033/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2018/19

Vedlegg:

Journalposttittel

Kvalitetsmelding til handsaming

Dato

03.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune var med på KS-satsinga «Den gode barnehage- og skuleeigar». Satsinga gjekk over 2 år og vart avslutta med ei samling våren 2019. Vårt utviklingsområde var å laga ei kvalitetsmelding som skal innehalda vesentleg informasjon om kvaliteten i barnehage og skule. Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10). Tilsvarande krav finst ikkje for barnehage, men me har som mål at barnehageeigar skal få eit betre oversyn over korleis ein arbeider i barnehagen.

Fakta

Tala som gjeld skule er henta frå dei offentleg tilgjengelege statistikkane som finst i www.skoleporten.no og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen. Elevane sitt syn på læringsmiljøet kjem fram i elevundersøkelsen. Tala for fråfall i vidaregåande skule er henta frå statistikk som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd. På barnehageområdet finst det mykje mindre statistikk enn på skulefeltet. Difor har me sjølve måtta bestemma oss for kva opplysningar me vil ha med. Noko statistikk finst i årsmeldinga som blir levert til Fylkesmannen 15. desember kvart år og som er grunnlaget for dei opplysningane me finn i

Vurdering

Rådmannen si vurdering kjem fram i meldinga der det er naturleg. Kommunestyret må sei noko om kvalitetsmeldinga har rett form, og skal vidareførast no når prosjektet med KS er avslutta. Rådmannen reknar med at kommunestyret har meiningar om omfang innhald og utforming for seinare år.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak

Formannskapet - 036/2019

FS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svarte på spørsmål.
Saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2018-19 og tek meldinga til orientering.

Kommunestyret - 033/2019

KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.
Saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2018-19 og tek meldinga til orientering.

